

Musikklaget inviterer til 80-årsmerking.

07.01.2016



Korpset har gjennom åra spela mange stader. Her frå ein opptreden på Sunde.

Uskedal musikklag vart skipa 1.mars 1936, og korpset nærmar seg såleis 80 år. Dette bør sjølv sagt markerast. I samband med det inviterer laget tidlegare medlemmer med fylgje og andre interesserte med tilknyting til korpset til ei enkel jubileumsmerking i Helgheim på sjølve skipingsdagen, tirsdag 1.mars.

Heilt frå oppstarten har korpset hatt mange fine stunder både på øving og ulike arrangement i Helgheim. Det er derfor heilt naturleg at korpset forflyttar seg bort til ungdomshuset denne tirsdagen når årmålet skal markerast.

På samkoma vert det ei konsertavdeling med korpset som i dag har 12 svært stødige medlemmer. Det vert også presentert ein biletavdeling der ein kan følgja korpset gjennom dei 80 åra. Det vert kaffi og kaker, og sjølv sagt skal det vera god drøs og mykje god mimring. Musikklaget håpar mange tidlegare medlemmer og andre som føler tilknyting til laget, vil ta del i dette. Alle er hjarteleg velkomne!

Av omsyn til servering og førebuingsarbeid ønskjer laget påmelding på førehand. Dei som ønskjer å vera med på denne samkoma, kan meldia seg på til Bjørgulf Eik(53 48 60 52 / 416 21 552) eller Knut Steinsletten(995 51

950 eller epost: kmastein@online.no) innan mandag 15.februar.



Uskedal musikklag spelar under NU-stemna 30.06.1973. Bunadstog i Rosendal.(Foto: Svein A. Sunde)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland